

## ÅRSMELDING - BØMLO BÅTLAG - 2009

Bømlo Båtlag har pr 31.12.09 66 medlemmer. I løpet av året har laget betalt ut to medlemmer for båtplass, medan ein har kjøpt seg inn. Styret i 2009 har vore samansett slik:

Leiar:	Terje Kallevåg
Nestleiar:	Kjell Idar Lønning
Kasserar:	Kristen Thorsen
Skrivar:	Kåre Bogetveit
Styremedl.:	Svein Eide
Styremedl.:	Willy Lodden

Det har vore 10 styremøte i tillegg til årsmøtet. Som vanleg har styremedlemmene utført ein god del arbeid utanom møta. Dette er i tillegg til forefallande arbeid på anlegget, også kontakt opp mot ulike samarbeidspartnarar.

### Heimeside

På våren fekk BBL si eige heimeside på nettet. Sida presenterer BBL og Langevåg. I tillegg finn ein vedtekter og hamnereglar mm her. Om lag 1500 treff er registrert så langt.

### Kai - dugnad

Det vart inngått avtale med eigarane av naboeigedommen om grensene, og kaiområdet vart endeleg oppmålt og BBL fekk tinglyst eigedommen.

Det største dugnadsarbeidet i 2009 var legging av dekke/skjørt på kaiområdet. Det var sett opp faste dagar i heile mai og her vart det lagt ned mange dugnadstimar. Resultatet er blitt svært bra.

I ein periode i haust vart den nye kaia brukt av skyssbåt i samband med at ferjekaien var stengt. Kaia vart påført skade, men dette skal erstattast. Vidare fekk BBL inntekter i form av kaiavgift for heile perioden.

### Havneguidar

BBL er med og betalar løn til ungdommane som krevjar inn kaiavgift i sommarsesongen. Dei gjer ein god jobb, og me har hatt ein sesong med bra inntekter på dette.

### Dieselpumpe

BBL har støtta innkjøp av ny dieselpumpe i gjestehamna. Laget har også stilt garanti for opptak av lån for å fullfinansiera kjøpet.

### Grillhytta

Oppføring av grillhytta var ikkje ein del av planane for 2009. BBL vart kontakta av Langevåg utvikling med førespurnad om me ville framskynda prosjektet. LU hadde ein del midlar som dei kunne leggja inn. Dette gjekk styret inn for, og i løpet av seinsommaren stod grillhytta klar. Det skal kjøpast inn fleire sitjegrupper til neste sesong.

### Grasrotandelen

BBL vart registrert inn i "Grasrotandelen", det vil seie at alle som spelar gjennom Norsk Tipping kan melda frå om at dei vil støtta laget. Her er det registrert 6 stk! Resultatet for 2009 var på litt over 1000 kr.

Bømlo Båtlag

Kåre Bogetveits  
skrivar